

Kontrollutvalet

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
19/19	047	01.04.2019	11.04.2019	KS

19

ORIENTERING – LADESTASJON

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek den munnlege orienteringa til vitende.

Vedlegg

1. Sak 38/2019 i kommunestyret «Ladestasjon Fiskå – Rekneskapsavslutning.

Saksopplysning

Leiar i kontrollutvalet Knut Aksel Thunem og medlem Miriam Nystøyl vil orientere frå kommunestyremøtet vedkomande saka.

Jostein Støylen
Dagleg leiar

VEDLEGG 1



VANYLVEN KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

UTVAL: Kommunestyret

Møtestad: Kommunestyresalen - Combisenteret, Fiskå

Dato: 19.03.2019

Møtet tok til 10:00

Møtet slutta 14:45.

Møtet var innkalla ved utsend sakliste datert 12.03.2019.

Ordfører Lena Landsverk Sande leia møtet.

Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Lena Landsverk Sande	Ordfører	V
Vidar Solheim	Medlem	V
Marte Myklebust	Medlem	V
Bjarne Sætrenes	Varaordfører	FRP
Miriam Nystøyl	Medlem	FRP
Idar Brekke	Medlem	H
Øystein Blom	Medlem	KRF
Joar Asle Lillerovde	Medlem	KRF
Jens Erling Ekroll Lillebø	Medlem	KRF
Ingebrigt Berget	Medlem	SP
Solveig Menes	Medlem	SP
Randulf Lillebø	Medlem	SP
Ottar Jan Løvoll	Medlem	AP
Lilli Ann Bakkebø	Medlem	AP
Roger Alf Eikeset	Medlem	AP
Ottar-Inge Rusten	Medlem	AP

Faste medlemar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Svein Arnulf Nordal	Medlem	FRP
Knut Ingvald Bøstrand	Medlem	V
Lena Nordal Vedeld	Medlem	H
Mona Stenersen	Medlem	AP
Stig Frode Rusten	Medlem	H

Varamedlemar som møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Bjørnar Magne Berge	Knut Ingvald Bøstrand	V
Harry Hansen	Svein Arnulf Nordal	FRP
Katrin Brekke Sunde	Stig Frode Rusten	H
Per-Johnny Brekke	Lena Nordal Vedeld	H
Knut Aksel Thunem	Mona Stenersen	AP

21 av 21 medlemar møtte.

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Andreas Chr. Nørve	Rådmann
Kåre Kvangarsnes	Møtesekretær

Dessutan møte kommunalsjef teknisk sektor Terje Kolstad under «Eventuelt».

Møtet starta med presentasjon av **Tussa** – status og utsikter, v/**adm.direktør Elling Dybdal**: Energi, IT/breidband, installasjon, nettmopol.

Open spørjetime gjekk ut.

Stad skipstunnel – orientering v/Svein Gjelseth, Vanylven Utvikling AS:

Viste til konferansen om skipstunnelen i Eid og Selje 11. og 12. februar. Svært god og nyttig konferanse. Det vart sett fokus på ringverknader av tunnelen og på reiseliv. Kystverket orienterte om arbeidet med planlegginga av tunnelen. Ein har frist til 15. mai med å kome med innspel til Kystverket.

Vidare viste han til fleire møte med Rolls Royce, som har laga rapport om miljøgevinsten ved å nytte indre skipslei og tunnelen: M.a. spart tid og mindre bruk av drivstoff.

Vonar på midlar i neste års statsbudsjett og oppstart i 2021.

Rovdefjordsambandet – orientering v/Svein Gjelseth, Vanylven Utvikling AS:

Positivt vedtak i samferdselsutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune 6. mars. Prosjektet er klart for vidare sakshandsaming: Godkjenning av konseptval. Konseptvalet er oversendt fylkeskommunen. Vonar på handsaming samferdselsutvalet 7. mai 2019.

Opplyste også at ein har hatt møte med rådmannen 19. mars. Det vert lagt fram sak for politikarane.

Vidaregåande skular – orientering v/ordføraren:

Opplyste at utdanningsutvalet i fylkeskommunen har møte 19. mars 2019. På grunn av lite søknad vert det tilrådd å legge ned ei line: Helse- og oppvekst. Teknisk og industriell produksjon (TIP) og Vidaregåande 1 Studiespesialisering kjem truleg i gang neste skuleår, ut frå gode søkartal

Desse vart valde til å skrive under møteboka saman med ordføraren:
Ottar Inge Rusten og Miriam Nystøyl

Marte Myklebust fekk innvilga permisjon og forlet møtet før votering i sak 40/2019.

Ottar Inge Rusten fekk innvilga permisjon og forlet møtet etter votering vedk. veg nr. 46 i sak 40/2019.

Randi Stokke Thunem møtte som vara for Ottar Inge Rusten f.o.m. sak 41/2019.

Underskrifter:

Vi stadfestar at det som er ført i møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Ottar Inge Rusten

Lena Landsverk Sande
Ordfører

Miriam Nystøyl

6143 Fiskå, den 20.03.2019

PS 38/2019 Ladestasjon Fiskå - Rekneskapsavslutning

Tilråding:

Formannskapet tilrår at investeringsprosjekt Ladestasjon Fiskå vert rekneskapsgodkjent, og at restkostnadane på **kr. 345 918,-** vert refinansiert gjennom eit kommunalt låneopptak.

Handsaming:

Etter framlegg frå ordføraren vart det halde gruppemøte.

Framlegg frå Randulf Lillebø:

Saka vert utsett og sendt over til kontrollutvalet.

Votering:

Det vart først votert over framlegget frå Randulf Lillebø.

15 røyster mot utsetjingsframlegget.

6 røyster for utsetjingsframlegget.

Deretter vart **tilrådinga frå formannskapet vedteke med 15 røyster mot 6 røyster.**

VEDTAK:

Investeringsprosjekt Ladestasjon Fiskå vert rekneskapsgodkjent, og restkostnadane på **kr. 345 918,-** vert refinansiert gjennom eit kommunalt låneopptak.



VANYLVEN KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

<i>Saksnr:</i> 2015/690	<i>Arkiv:</i> K21	<i>Avd/Saksansv:</i> TEK/KLEHEL
----------------------------	----------------------	------------------------------------

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
35/2019	Formannskapet	19.02.2019
38/2019	Kommunestyret	19.03.2019

Ladestasjon Fiskå - Rekneskapsavslutning

Tilråding:

Formannskapet tilrår at investeringsprosjekt Ladestasjon Fiskå vert rekneskapsgodkjent, og at restkostnadane på **kr. 345 918,-** vert refinansiert gjennom eit kommunalt låneopptak.

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Kommunestyret vedtok i møte den 08.05.2018 (sak 35/2018) å bygge hurtigladestasjon i Fiskå sentrum på framsida av Rådhuset ved parkeringsplass. Anlegget stod ferdig 31.08.2018. Til trass for at prosjektkostnadane ligg under budsjettkostnadane manglar det likevel kr. 345 918,- for finansiering av prosjektet. Dette skuldast manglande tilbydar interesse og høgare tilbod enn forventa frå ladestasjon leverandør. Administrasjon tilrår at rest sum kr. 345 918,- vert finansierte gjennom eit låneopptak.

Vurdering og konklusjon:

Kommunestyret vedtok i møte den 08.05.2018 (sak 35/2018) at:

1. Det vert bygt hurtigladestasjon i Fiskå sentrum på framsida av Rådhuset ved parkeringsplass.
2. Prosjektet vert dekt gjennom disposisjonsfondet med kr. 320.000,- , kr. 200.000,- frå Enova og kr. 430 000,- av ladestasjon-leverandør.
3. Prosjektet skal vere ferdigstilt innan 31.08.2018 for å få nytte av tilskotet frå Enova.

Rekneskapet for investeringsprosjekt Ladestasjon:

	Prosjekt	Prosjekt (T)	Konto	Konto (T)	Rekneskap (I)	Rev bud (I)
1	70850	Ladestasjon Fiskå	02300	Nybygg/nyanlegg/utleie/leing	865 918	950 000
2	70380	Ladestasjon Fiskå	07700	Refusjon fra andre (private)	0	-430 000
3	70880	Ladestasjon Fiskå	08100	Overføring fra staten	-200 000	-200 000
4	70880	Ladestasjon Fiskå	09700	Overføring fra drift	-320 000	-320 000
Σ1	70880	Ladestasjon Fiskå			345 918	0
I					345 918	0

Tid utført: 23.05.2019 11:04:12 Antall rader: 5

Av oppsettet ligg prosjektkostnadane kr. 865 918,- under budsjettkostnadane kr. 950 000,-. Det manglar likevel finansiering av prosjektet på **kr. 345 918,-**.

I kommunestyrevedtaket sak 35/2018 vart det forventa at ladestasjon leverandør skulle finansiere kr. 430 000,- av ny ladestasjon på Fiskå. Fortum Markets AS, som var den einaste av tre førespurte ga tilbod på ladestasjon, sette føresetnad om :

1. Vanylven kommune kostar kr. 550 000, eks. mva. for nye ladestasjonen.
2. Vanylven kommune bygge fundament for ladestasjon og legge fram straum til område.
3. Fortum Markets AS utføre oppsetting og installasjon av ladestasjon.
4. Fortum Markets AS drifte og vedlikehalde anlegget.

Hurtigladestasjon sin plassering blei vurdert på ulike plasser i kommunen, og vart endeleg politisk avklara mai 2018. Eit urokkeleg krav frå Enova om ferdstilling før september 2018, for å få tildelt kr. 200 000, gjorde at tid for anbodsinnhenting, kontraktforhandlingar, varelevering og byggetid vart veldig knapp. Det vart av den grunn beslutta å starte opp prosjektet trasse i manglande finansiering. Anlegget stod ferdig 31 august i 2018. Enova har godkjent anlegget og midlar er utbetalt.

Administrasjon tilrår at rest sum **kr. 345 918,-** vert dekt gjennom eit kommunalt låneopptak.

Fiskå, 23.01.2019

Andreas Chr. Nørve
rådmann

Helge Kleppe
sivilingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur.

Handsaming:

Framlegget tilrådd med 6 røyster mot 1 røyst.

VEDTAK:

Formannskapet tilrår at investeringsprosjekt Ladestasjon Fiskå vert reneskapsgodkjent, og at rest kostnadane på **kr. 345 918,-** vert refinansiert gjennom eit kommunalt låneopptak.